



Jostein Skjellanger  
Rosslandsvegen 1182  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2326 - 18/22926

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
30.10.2018

## Godkjenning av statstilskot til grøfting på GBNR 55/10 Skjellanger

**Administrativt vedtak. Saknr: 297/2018**

### Saksutgreiing:

Jostein Skjellanger med føretak 884045932 har 25.09.18 søkt om tilskot til grøfting på GBNR 55/10. Han har nyleg overteke bruket og ynskjer å setja i stand dei gamle grøftene som er vorte tette, med tanke på framtidig drift. Mykje av problemet skuldast overflatevatn som oversvøm bøane, og oppattgrøfting vil gjera at tilhøva for jordbruksdrift vert vesentleg betra. Ei grøft på nabobruket som skaper oversvømmelse vil og verta kobla til, og vatnet skal ledast til bekk som ender i sjø. Lengde på grøft og sidegrøfter er 261 meter. Arealet som er omfatta er 3,35 daa og kostnaden er sett til 104 060,- Det er planlagt å bruka 110 mm dreinsrør, singel som dreinsmasse og barkduk oppå singelen. Eksisterande grøfter skal koblast inn på ny hovedgrøft.

Det er levert kart, grøfteplan og miljøvurdering med søknaden.

### Vurdering:

Tiltaket vil gje ei generell forbetring av jord- og plantekultur, noko som kan gje større avlingar av betre kvalitet. Drenering vil kunne betre utnytting av gjødsel og dermed bidra til mindre avrenning av næringssalt og redusert utslepp av klimagassar. For dei som skal driva areala vil tiltaket gje lettare arbeidstilhøve, og meir avling gjev betre økonomi. Tiltaket vil ha positiv effekt på dreneringstilstand på nabobruket då det er planlagt å ta ei grøft i nabogrensa.

### Berekning av tilskot

Det er søkt om tilskot til 261 meter grøft a kr 30/lm grøft. Sum tilskot vert 7 830,- Arealet som vert omfatta av grøftinga er om lag 3-4 daa.

## Kulturminne

Søklar oppgjer i si miljøvurdering at det ikkje er kjende kulturminne på arealet som skal drenerast. Søknaden har vore på høyring hjå fylkeskommunen, og dei har gitt svar 11.10.18 at dei ikkje har merknader til saka.

Me gjer likevel merksam på meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2. ledd . *Dersom automatisk freda kulturminne som gjennstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeidet stansast til rette forvaltningsmyndighet har vurdert funnet.*

Grøftinga er difor ikkje vurdert å vera i konflikt med kulturminnelova, men ein må ta omsyn til steingardar og andre kulturminne under arbeidet.

## Naturmangfaldlova.

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar , som kjem i konflikt med dreneringa. Ut frå dette ser ikkje kommunen at grøftinga vil medføra skade på viktige naturverdiar. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst med tanke på konsekvensar dreneringa kan ha for naturverdiar. Administrasjonen kan ikkje sjå at dreneringa vil ha andre negative verknader som auka fare for flom eller ureining av vatn.

Generelt gjeldt det at alle inngrep som vert gjort i samband med dreneringa skal utførast mest mogleg varsamt om med omsyn til terreng og vegetasjon. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynt omsyn til naturmangfaldet jf. 8-12 i naturmangfaldlova.

## Konklusjon

Drenering er eit viktig klima- og miljøtiltak, og tiltaket vil gjer lettare arbeidstilhøve og større avling av betre kvalitet. Det er ikkje registrert at tiltaket kjem i konflikt med viktige natur- og kulturverdiar.

Når det gjeldt den praktiske gjennomføringa av arbeidet har søklar opplyst at han ynskjer å bruka duk oppå singel i grøftene. Dette er ein metode som er sterkt frårådd for jordbruksgrøfting. Erfaring frå forsøksfelt er at duken tettast seg heilt etter få år, og at vatnet frå overflata ikkje kan renna gjennom og ned til grøftene som er det ein ynskjer.

Administrasjonen meiner tiltaket er i tråd med føremålet til forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord og løyver kr. 7 830,- i statstilskot i grøftinga.

## Vedtak

Meland kommune løyver inntil kr 7 830,- i statstilskot til inntil 261 meter grøfting på GBNR 55/10 til Jostein Skjellanger har 09.09.18 med føretak 884045932 i tråd med søknad motteke 09.09.18. Vedtaket har heimel i forskrift om drenering av jordbruksjord §§3-5 (av 25.juni 2013) jf § 18 i jordlova, forskrift om produksjonstilskot § 4 og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Arbeidsfrist er sett til 10.11.2021

Generelle vilkår for løyvinga:

Dersom ein under gjennomføring av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regional kulturminneforvaltning kontaktast.

Kommunen skal godkjenna arbeidet, gje difor melding til kommunen når arbeidet er ferdig. Minst 30 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er ferdig.

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtte kan Meland kommune avgjera att tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Jostein Skjellanger

Rosslandsvegen 5918  
1182

FREKHAUG